



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 15.06.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 10:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall
Linda Neset	SO	Medlem	Meldt forfall
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte	Parti	Rolle	Merknad
-----------	-------	-------	---------

varamedlemmer:			
Siren Bruvik Øvre Helland	SA	Varamedlem	Vara for Ove Eidsnes
Karianne Neset Nygard	SO	Varamedlem	Vara for Linda Neset
Petter Benjamin Arnesen	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Tonje Husum Aarland	Ass. rådmann	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
027/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/2023	Godkjenning av møteprotokoll
029/2023	Referatsaker
030/2023	Orienteringsaker
031/2023	Årsmelding og rekneskap 2022
033/2023	Kyrkjelydstomta på Mo gnr.76 bnr. 99 - mogleighetsstudie/skisseprosjekt
032/2023	Økonomirapportering pr 1. tertial 2023
034/2023	Turveg - Dagsturhytta
035/2023	Møteplan haust 2023

027/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

028/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

029/2023: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

030/2023: Orienteringssaker

Behandling:

Ordførar orienterte om desse sakene:

- Fylkesveg 569

Det er planlagt synfaring med Vestland fylke på fylkesveg 569. Hovudfokuset vert på rassikring.

Regional transportplan er under handsaming i Vestland fylket, og punktutbetring for fylkesveg 569 er

tatt inn i planen. Dersom planen går igjennom i Fylkestinget, er dette arbeidet planlagt starta opp hausten 2023.

- Olav Nygard og 100års markering

I 2024 er det hundre år sidan Olav Nygard gjekk bort. Det er sett ned ein arbeidsgruppe for å planlegge for å feire Nygard sitt liv og arbeid. Olav Nygard vert ansett som ein nasjonal skatt i litteraturen. Det vert jobba med prosjekt utanfor kommunen også knytt til 100års markeringa.

- TV-aksjon 2023

Innsamlinga for årets aksjon skal gå til Redd Barna og midlane skal nyttast til Redd Barnas arbeid for å hjelpe krigsrammede barn i Norge og rundt om i verden. Ordførar planlegg å markere aksjonen med eit lokalt initiativ, tilsvarande gåturen i fjor haust. Modalen kommune gir 25000 kr til aksjonen.

- Skyss

Det har vore møte mellom Vaksdal, Modalen og Skyss om bussanbodet og rammene for serviceskyss og Trygt Heim. Det er under planlegging nytt bestillingstilbod og kartleggingar av moglegheitsrom for elektrifisering og materiell/busstypar. Forslaget for Serviceskyss er mellom Øvre Helland og Mo sentrum, og skal vere på dagtid. Forslaget for Trygt Heim er same strekning, på kveldstid knytt til helg. Det årlege brevet om innspel til ruteendring kjem som vanleg ved årsskiftet, og der kan innspel til t.d. korrespondanse rettast.

Tidspunkt og dag kan tilpassast etter behov. Dersom kommunen treng meir enn ein avgang i veka, kan kommunen dekke dette og Skyss forhandlar priser. Det er ønskjeleg at ungdomsrådet og råd for eldre og mnf får høve til å gje innspel til behov. Det kan vere nyttig at ungdomsrådet har dialog med ungdomsråda i Vaksdal og evt. Alver mtp. ungdomstilbod der. Frist for innspel inn til Vestland fylket er i juni.

- Generalforsamling i Modalen Næringsbygg AS

Det er meldt at styremedlem Anne Britt Almelid ikkje stiller til attval, og Modalen kommune kan fremme forslag til styremedlem gjennom eigarrepresentant inn i Generalforsamlinga. Forslag frå eigarrepresentant er kommunerepresentant Marit K. N. Nese som forslag som styremedlem i styret for Modalen Næringsbygg AS.

Spørsmål frå Sigrunn Almelid Birkeland:

- Audiopedagogisk tilbod; meir informasjon om eigarstruktur

- Tilbod om syn- og hørsel; aldersgrense 70 år? Behov og kompetanse lokalt for å følgje opp dette tilbodet

Rådmann orienterte om desse sakene:

- Forvaltningrevisjon om oppfølging av politiske vedtak

Det vil kome påminning om spørjeundersøkinga blant politikarane, der både faste og vara er oppmoda til å svare.

- Busetting av flyktningar

Det er kome anmoding om å busette 5 fleire flyktningar i 2023 enn opprinneleg anmoda, grunna auka prognose frå IMDi. Administrasjonen vil førebu politisk sak etter sommaren, og ein kartleggar fortløpande kapasitet for bustader.

- Bekymringsmeldingar

Det vart meldt om avvik i Visma familia knytt til mottak av bekymringsmeldingar i fleire kommunar. Det vart raskt undersøkt og avklart at det ikkje har vore avvik knytt til Modalen kommune og

Sørfjorden barnevernsteneste.

- Status investeringsprosjekt takoverbygg Mo skule

Teknisk sjef orienterte kort om status for investeringsprosjekt takoverbygg ved Mo skule. Det er skissert eit takoverbygg på ca. 90m², med fleksibel bruk.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommunestyre tek sakene til orientering.

Modalen kommunestyre vel kommunestyrerepresentant Marit Kristin Nygard Nese, Samlingslista, til kandidat som styremedlem i Modalen Næringsbygg(MNB). Endeleg val vert gjort i komande Generalforsamling i MNB, onsdag 21.juni 2023.

031/2023: Årsmelding og rekneskap 2022

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022:

- Netto driftsresultat for 2022 er kr 8,8 mill, korrigert netto driftsresultat er kr 6,7 mill
- Disposisjonsfondet har hatt ein negativ utvikling dei siste fire åra
- Lånegjeld per 31.12.22 er på kr 60,6 mill, og er godt innanfor målsetjinga om maks 60 % av årleg driftsinntekt
- Budsjettområda; det er større avvik frå justert budsjett enn det ein har hatt tidlegare år for budsjettområda, og årsaker til avvika er omtala i årsmeldinga
- Investering; det er nokre avvik frå justert budsjett, og desse er omtala i årsmeldinga
- Sentrale innekstpostar har hatt ein mindre meirinntekt her
- Prosjektoversyn for investeringsrekneskapen
- Investering i annleggsmidar
- Ferdigstilling av investeringsprosjekt for nytt kommunehus Flodmaal
- Likviditeten har framleis vore god
- 2022 er siste året med konsesjonskraftinntekt.

Rådmann svarte ut spørsmål innsendt i forkant av møtet om heimehjelp og tal brukarar av tenesta innan pleie- og omsorg.

Kommentar frå kommunestyret er at ein ber om meir detaljar i årsmeldinga om endringane kring justerte budsjettløyvingar og bakgrunn for meirforbruk.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune sin årsmelding og årsrekneskap for 2022 vert godkjent slik dei ligg føre.

033/2023: Kyrkjelydstomta på Mo gnr.76 bnr. 99 - moglegheitsstudie/skisseprosjekt

Behandling:

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om moglegheitsstudie/skisseprosjektet:

Det er gjennomført ein moglegheitsstudie av Stiv Kuling Arkitekter av tomta på kyrkjelydteigen. I studien er det skissert ei løysing for bustadutbygging som legg til rette for å utnytte arealet maksimalt med 4 mindre, fleksible einebustader;

- 4 bustader på omkring 70 kvm med saltak bestande av solsceller og skifer
- omsyn til fasade, form og høgde etter det øvrige bustadområdet og tradisjon
- fleksible, kompakte einebustader som kan passe ei brei målgruppe.

Det må jobbast vidare med detaljar i planleggingsfasen, samt behov for byggesakshandsaming med eventuelle disposisjonar frå areal- og reguleringsplan.

Kommunestyret drøfta saka, skisseprosjektet og framlegg til vedtak. Det er fleire vurderingar; både rammene for prosjektet, gevinstar og utfordringar ved å la ein privat utbyggjar få skissert moglegheiter og forventa kostnadsramme, tal bustader og moglege klausular ved eit eventuelt sal. Kommunestyret utarbeida eit samarbeidsforslag til vedtak i kommunestyret.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune sel tomta til privat utbyggjar med moglegheitsstudie/skisseprosjekt utarbeida av arkitektkontoret Stiv kuling AS som ramme for prosjektet. Kommunen kan vurdere å kjøpe ein eller fleire av bustadane i prosjektet. Modalen kommune vil lyse ut sal av tomta med skisseprosjektet som eit grunnlag. Kommunestyre set ei tidsramme for å melde interesse for prosjektet på 3 månader. Det vil bli utarbeida ein klausul for prosjektet.

032/2023: Økonomirapportering pr 1. tertial 2023

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om økonomirapportering for 1. tertial 2023:

- Status budsjettområda
- Prognosar for året vil gje eit netto driftsresultat på om lag kr 0, mellom anna grunna eit høgt lønsspogjer for året
- Det er fleire behov for justeringar knytt til dei ulike budsjettområda, der prognosane viser i stor grad meirkostnader enn budsjettet for i opprinneleg budsjett
- Framlegg til justert budsjett vil gje ein budsjettet nett driftsresultat på kr 1,6 mill., og ein prognose på kr 2,1 mill i disposisjonsmidlar ved årsslutt
- Sjukefråvær er noko lågare enn same tidspunkt for 2022
- For å bevare disposisjonsmidlane, er framlegg til auka løyvingar er i tråd med høgare utgiftsnivå, men ikkje heilt i tråd med prognosane.

Rådmann svarte på spørsmål frå kommunestyret:

- Behov for auka løyvingar og utvikling av økonomiske rammer
 - Behov og auka nasjonale krav framover knytt til utvikling av tenestetilbod.
- Samrøystes vedteke

Vedtak:

Driftsbudsjettet for 2023 vert justert i tråd med kolonna Justering i Løyvingsoversyn – drift, under:

			Jan-april	
	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
Løyvingsoversyn - drift	2023	2023	2023	2023
Rammetilskudd	26 200 000	26 000 000	10 764 071	25 400 000
Inntekts- og formueskatt	14 300 000	14 300 000	11 110 557	14 233 000
Eiendomsskatt	26 560 000	26 560 000	13 282 435	26 100 000
Andre generelle driftsinntekter	25 100 000	25 078 000	2 119 500	21 890 000
Sum generelle driftsinntekter	92 160 000	91 938 000	37 276 563	87 623 000
Sum bevilgninger drift, netto	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505
Avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000
Sum netto driftsutgifter	93 533 971	94 882 885	33 386 181	86 850 505
Brutto driftsresultat	-1 373 971	-2 944 885	3 890 382	772 495
Renteinntekter	400 000	400 000	144 173	366 300
Gevinst på finansielle omløpsmidl.	500 000	500 000	0	200 000
Renteutgifter	3 100 000	3 100 000	1 044 907	2 870 100
Avdrag på lån	2 500 000	2 500 000	1 145 960	2 500 000
Netto finansutgifter	-4 700 000	-4 700 000	-2 046 694	-4 803 800
Motpost avskrivninger	7 668 000	7 668 000	0	7 700 000
Netto driftsresultat	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695

			Jan-april	
Disponering eller dekning	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
av netto driftsresultat	2023	2023	2023	2023
Overføring til investering	4 524 000	4 524 000	0	4 524 000
Avs til bundne driftsfond	24 800	24 800	66 252	24 800
Bruk av bundne driftsfond	-121 600	-121 600	-86 447	-121 600
Avs til disp fond	6 465 500	6 465 500	0	8 636 396
Bruk av disp fond	-9 298 671	-10 869 585	0	-9 394 901
Sum disponering	1 594 029	23 115	1 843 688	3 668 695

			Jan-april	
Løyving pr budsjettområde:	Justering	Prognose	Rekneskap	Justert budsj
	2023	2023	2023	2023
Rådmannen/sentraladm	16 900 000	17 124 437	8 588 595	16 786 437
Kultur	2 500 000	2 574 575	748 915	2 174 575
Næring	4 299 701	4 299 701	949 790	4 299 701

Sosial og barnevern	4 800 000	4 833 750	1 032 478	1 915 980
Skule	13 500 000	13 685 500	4 886 676	13 385 500
Barnehage	6 550 000	6 660 410	2 183 053	6 780 410
Pleie og omsorg	21 200 000	21 424 875	6 763 189	17 124 875
Kommunelege	8 850 000	8 882 049	3 266 751	8 632 049
Teknisk	16 500 000	16 963 318	5 942 289	15 173 318
Sentrale postar	-10 303 730	-10 303 730	-1 385 100	-8 192 340
Småinvesteringar	1 070 000	1 070 000	409 545	1 070 000
	85 865 971	87 214 885	33 386 181	79 150 505

034/2023: Turveg - Dagsturhytta

Behandling:

Ordførar innleia i saka.

Kommunestyremedlem Siren B. Øvre Helland er ugild i saka, då ho er er konsulent for kultur og fritid og står som sakshandsamar for saka.

Kommunestyret vurderte om kommunestyremedlem Ole Kristian Øvre Helland er uild, då han er gift med sakshandsamar i saka. Kommunestyret vurderte at kommunestyremedlem Ole Kristian Øvre Helland er gild i saka.

Konsulent for kultur og fritid orienterte om saka og framlegget til vedtak. Det er ein føresetnad at midlane vert øyremerka prosjektet og at dei skal tilbakeførast dersom dei ikkje vert nytta.

Kommunestyret drøfta tidsfrist for tilbakeføring og den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Det vart mellom anna peika på medlemsskap i BOF.

Rådmann orienterte nærare om vurderingane kring økonomi og fondsbruk knytt til prosjektet, og korleis eit samarbeid med frivillig lag- og organisasjonar vil styrke dette.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Rådmannen tilrår at dei kr 250 000 som vart løyvde til turveg i budsjett- og økonomiplanen for 2023-2026 vert overført til Modalen idrettslag. Idrettslaget vert prosjektansvarleg i arbeidet med oppgradering av turvegen inn til dagsturhytta.

035/2023: Møteplan haust 2023

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Kommunestyret vedtek framlegg til møteplan for hausten 2023 slik den ligg føre

